

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 15/936	Løpenr: 18/4585
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	31.05.2018	029/2018
Kommunestyret	14.06.2018	025/2018

Delegeringsreglement for Samnanger kommune**14.06.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (A) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til det tilrådde framlegget til kapittel 11 og 12 i delegeringsreglement:

"Samnanger kommune skal ha eit tilsetjingsutval som skal tilsetje i alle stillingar i kommunen utanom rådmann og ass. rådmann. I desse stillingane skal kommunestyret sjølv stå for tilsetjingane.

Tilsetjingsutvalet er samansett av 3 medlemmer; rådmannen eller den ho/han peikar ut saman med leiar for det arbeidsområdet stillinga høyrer til. I tillegg skal tillitsvald for den fagforeininga som stillinga normalt soknar til, vera med i utvalet. Berre fagforeningar med hovudtillitsvald i Samnanger kan vera med i tilsetjingsutvalet."

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til det tilrådde framlegget til nytt delegeringsreglement:

"Punktet om mindretalsanke vert teke inn igjen."

Brigt Olav Gåsdal bad om gruppemøte (i arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet). Monica Tjønna (Sp) bad også om gruppemøte.

Etter gruppemøta sette Øyvind Røen (Sp) på vegner av medlemmene i arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet fram følgjande framlegg til endra vedtakstekst:

"Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018. Inntil då gjeld siste vedtekne del.reglement.

Hausten 2018 kjem ad hoc-utvalet med eige framlegg om nytt reglement om delegeringar etter plan- og bygningslova. Det same gjeld den delen av delegeringsreglementet som omhandlar tilsetjingar. Fram til nytt reglement er vedteke på desse områda, gjeld det gamle reglementet.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov."

Brigt Olav Gåsdal trekte framlegget sitt.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:
"Kommunestyret fastset budsjett på rådmannsnivå."

Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget sitt, og sette i staden fram følgjande framlegg:
"Ad hoc-utvalet skal hausten 2018 leggja fram for kommunestyret ei vurdering av om budsjett skal vedtakast på rådmannsnivå (rammebudsjettering)."

I røystinga vart først formannskapet si tilråding sett opp mot framlegget som Øyvind Røen (Sp) sette fram på vegner av medlemmene arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet. Framlegget til medlemmene i ad hoc-utvalet vart samrøystes vedteke.

Framlegget til Øyvind Strømmen vart samrøystes vedteke.

Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

KS- 025/2018 Vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018. Inntil då gjeld siste vedtekne del.reglement.

Hausten 2018 kjem ad hoc-utvalet med eige framlegg om nytt reglement om delegeringar etter plan- og bygningslova. Det same gjeld den delen av delegeringsreglementet som omhandlar tilsetjingar. Fram til nytt reglement er vedteke på desse områda, gjeld det gamle reglementet.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

Punktet om mindretalsanke vert teke inn igjen.

Ad hoc-utvalet skal hausten 2018 leggja fram for kommunestyret ei vurdering av om budsjett skal vedtakast på rådmannsnivå (rammebudsjettering).

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at det mest korrekte i denne saka vil vera at det er arbeidsgruppa, ikkje rådmannen, som skal gje tilråding i saka. Det var semje i formannskapet om at teksten i saka derfor skulle endrast frå "Rådmannen sitt framlegg til vedtak" til "Arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtak".

Med denne endringa vart framlegget til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 029/2018 Vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

Dokument som er vedlagt:

Arbeidsgruppa sitt forslag til nytt delegeringsreglement

Dokument som ikkje er vedlagt:

Gjeldande delegeringsreglement for Samnanger kommune (vedteke i 2003)

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Bakgrunn

Kommunestyret sette i desember 2015 (sak 050/15) ned ei arbeidsgruppe til å førebu sak for kommunestyret om nytt delegeringsreglement for kommunen:

- Solveig Vassenden (Bl)
- Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
- Øyvind Røen (Sp)
- Brigt Olav Gåsdal (A)
- Odd Arne Haga (Frp)

Kommuneadministrasjonen v/Jan Erik Boge har vore sekretær for arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa starta på arbeidet sitt i januar 2016. Arbeidet stoppa dessverre opp våren 2016 på grunn av manglende kapasitet i kommuneadministrasjonen/hos sekretær. Arbeidet vart først teke opp igjen tidleg i 2018. Arbeidsgruppa har vinteren/våren 2018 hatt fleire møte og utarbeidd forslag til nytt delegeringsreglement. Forslaget vert no lagt fram for handsaming i formannskapet og kommunestyret.

Reglar om delegeringsreglement

Etter kommunelova § 39 pkt. 2 skal kommunestyret vedta reglement for delegering av avgjerdsmynne og for innstillingsrett innan 31. desember året etter at kommunestyret vart konstituert. Samnanger kommune sitt nye delegeringsreglement skulle etter dette vore vedteke seinast 31.12.2016.

Kommunelova gir ikkje nærmare reglar for delegeringsreglement, men det går fram i § 39 pkt. 2 at sist vedtekne reglement og eventuelle andre vedtak gjeld inntil nytt reglement er vedteke.

Noverande delegeringsreglement for Samnanger kommune

Samnanger sitt neverande delegeringsreglement vart vedteke av kommunestyret 20.02.2003.

Reglementet er ikkje oppdatert etter dette, verken med omsyn til lovendringar eller organisasjonsendringar som har skjedd etter 2003. Det er derfor stort behov for å få på plass eit nytt delegeringsreglement. Det neverande delegeringsreglementet er ikkje lagt ved dette saksframlegget, men det kan lastast ned frå kommunen si heimeside.

Delegeringsreglementet som kommunestyret vedtek, gjeld berre delegeringar frå kommunestyret. Reglementet omfattar delegeringar til mellom anna formannskapet, naturutvalet, andre utval, ordførar, varaordførar og rådmann.

Vidaredelegeringar frå rådmann til einingsleiarar m.fl. blir fastsett av rådmannen i eige vedtak/dokument.

Om arbeidet i arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har hatt til saman fem møte, to i 2016 og tre i 2018. Då arbeidet starta i 2016, var intensjonen at det nye delegeringsreglementet skulle lagast i eit dataverktøy frå Kommuneforlaget («KF Delegeringsreglement»). Det vart teikna abonnement på dette verktøyet. Det viste seg ganske snart at det ville vera svært omfattande å laga delegeringsreglementet i KF Delegeringsreglement. I dette verktøyet må ein for kvar lov eller forskrift leggja inn delegering på kvar enkelt paragraf som skal delegerast, og i mange tilfelle òg skriva forklaring på kva som konkret er delegert.

Kommuneadministrasjonen har ikkje kapasitet til å gjera eit så omfattande arbeide, og dette var også hovudårsaka til at arbeidet stoppa opp våren 2016.

Då arbeidsgruppa starta opp att arbeidet i januar 2018, vart det bestemt at forslaget til nytt delegeringsreglement ikkje skulle setjast opp i KF Delegeringsreglement. I staden er forslaget no i hovudsak sett opp etter same «mal» som delegeringsreglementet frå 2003. Dette har gjort arbeidsmengda langt meir overkommeleg.

I tillegg til at oppsettet i delegeringsreglementet frå 2003 no er brukt som «mal», er det òg teke utgangspunkt i tekst/avsnitt i delegeringsreglement hos nokre andre kommunar.

I tillegg til at lovhenvisningar, informasjon om organisering m.m. er oppdatert, er det òg teke inn noko nytt innhald i forslaget til nytt delegeringsreglement. Arbeidsgruppa har òg drøfta og teke stilling til ulike problemstillingar og alternativ.

Arbeidsgruppa har kome fram til eit felles framlegg, med unnatak av ordning/mynde for tilsetjing av einings- og sektorleiarar. På dette punktet har arbeidsgruppa gitt ei delt innstilling. Meir informasjon om dette følgjer nedanfor i saksframlegget.

Punkt som arbeidsgruppa har drøfta/teke stilling til

Nedanfor følger oversikt over ein del av punkta som arbeidsgruppa har drøfta/teke stilling til. Oversikta er ikkje uttømmande.

- Delegeringar til utvalet for oppvekst og omsorg i 2003-reglementet er no i hovudsak overført til formannskapet.
- Det er teke inn forklaring på framgangsmåte for å avklara om ei sak er prinsipiell (punkt 1.3).
- Ordninga med mindretalsanke (§ 14.4 i noverande delegeringsreglement) vert foreslått teken vekk.
- Det er teke inn presisering om rangordning mellom delegeringsreglementet og andre reglement m.m. (punkt 1.4.4.).
- Det er lagt vekt på at kommunen skal ha føremålstenlege opplegg for tilbakerapportering til det delegerande organ, og at det er rådmannen som har ansvaret for dette (punkt 3.6).
- § 7.0.11 i det noverande delegeringsreglementet om at ordførar har mynde til å krevja at ei sak som skulle vore handsama i kommunestyret, vert lagt fram for personal- og økonomiutvalet til avgjerd, vert teke vekk. Sjå eige avsnitt vedrørende dette lenger ned i saksframlegget.
- Formannskapet sitt mynde i ekspropriasjonssaker (sjå § 2.2.10 i noverande delegeringsreglement) vert foreslått teke vekk, d.v.s. at dette myndet skal liggja til kommunestyret.
- Det er teke inn presisering om kva saker kommunestyret skal gje uttale i (punkt 4.3). Sjå også punkt 6.2, bokstav j om kva saker formannskapet skal gje uttale i.
- Det vert foreslått at mynde til å vedta og revidera retningslinjer for kommunen sin

kulturpris vert lagt til formannskapet (punkt 6.2, bokstav t). Dette myndet ligg i dag til kommunestyret.

- Det vert foreslått å oppretta eit eige tilsetjingsutval for leiarstillingar på sektor- og einingsleiarnivå (punkt 12). Sjå eige avsnitt om dette lenger ned i saksframlegget.
- Det vert foreslått å ta inn eit punkt om at rådmannen får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar i vedtekne kommunale reglement, vedtekter og planar (punkt 21.2.2).
- Rådmannen sine budsjettfullmakter/mynde til å gjera budsjettendringar skal ikkje endrast i forhold til i dag, d.v.s. at kommunestyret framleis skal vedta budsjettet på einingsnivå (punkt 21.2.3, bokstav d).
- Det er teke inn presisering om kva som ligg i omgrepene «mindre kommunale krav» - krav som rådmannen har mynde til å avskriva. Summen er her sett til opptil 10.000 kroner (punkt 21.2.3, bokstav n).
- Det vert foreslått at mynde til å gjera vedtak om tildeling av kulturmiddlar vert lagt til rådmannen (punkt 21.2.3, bokstav q). Dette myndet ligg i dag til formannskapet.
- Det er teke inn ei presisering om kva som ligg i omgrepene «fullmakt til å gjera organisasjonsendringar som ikkje er av strukturell karakter» (punkt 21.2.4 bokstav m). Dette punktet gjeld kva fullmakt rådmannen har på dette området.
- Det bør før neste kommunestyreperiode vurderast om det er nødvendig at kommunen har eit eige klageutval (punkt 13).

Tilsetjingsutval for leiarstillingar

Fleirtalet i arbeidsgruppa (Øyvind Røen, Odd Arne Haga og Anja Elisabeth Gjerde Markhus) går inn for at det vert oppretta eit eige tilsetjingsutval for leiarstillingar (gjeld leiarstillingar på einings- og sektorleiarnivå), og at dette utvalet vert som følgjer:

- Rådmannen (leiar)
- To folkevalde frå kommunestyret. Desse representantane vert valde av kommunestyret.
- Arbeidstakarrepresentant frå den fagforeininga som har flest medlemmer innanfor den sektoren/det tenesteområdet som det skal tilsetjast i. Berre fagforeiningar som har hovudtillitsvald i Samnanger kan vera representerte i tilsetjingsutvalet.

Tilsetjingsutvalet for leiarstillingar vil koma i tillegg til det noverande tilsetjingsutvalet.

Mindretalet i arbeidsgruppa (Brigt Olav Gåsdal og Solveig Vassenden) går inn for å behalda noverande ordning med eit tilsetjingutval for stillingar på alle nivå (med unnatak av rådmann og assisterande rådmann).

Vurderingar og konsekvensar:

Generelt

Som nevnt ovanfor i saksframlegget, har «ambisjonsnivået» for det nye delegeringsreglementet måtte reduserast noko i forhold til det som var tenkt då arbeidsgruppa starta arbeidet sitt i januar 2016, og verktøyet KF Delegeringsreglement vart kjøpt inn. Å få eit delegeringsreglement som gir detaljert oversikt over alle paragrafar (i alle lover og forskrifter) som kommunestyret har delegert til andre, hadde nok vore ideelt, men ville vore svært arbeidskrevjande å utarbeida. Dette har ikkje kommuneadministrasjonen hatt ressursar til.

Arbeidsgruppa sitt forslag som no vert lagt fram, ligg på om lag same «ambisjonsnivå» som det noverande delegeringsreglementet, men det er både omarbeidd ein god del og ajourført i forhold til endringar i lover og i kommunen si organisering. I tillegg vert det foreslått nokre faktiske endringar knytt til delegeringsmynde.

Ei viktig målsetting med det nye delegeringsreglementet er å sørgra for at kommunen får eit reglementet som er oppdatert og viser til korrekte lovheimlar (jf. tiltaksforslag etter

forvaltningskontroll i kommunen i 2015). Denne målsettinga vil verta oppfylt med forslaget som no vert lagt fram.

Det vil truleg verta behov for å gjera justeringar i reglementet i løpet av relativt kort tid. Dette kan for eksempel vera fordi enkelte punkt i reglementet viser seg å vera uklare, eller det kan vera manglar i reglementet. Slike behov for endringar bør kunne leggjast fram for kommunestyret «fortløpende», det bør ikkje vera nødvendig å venta til neste «hovudrevisjon» i 2020.

Mynde til handsaming av saker som normalt skulle vore handsama i kommunestyret

Som nevnt ovanfor i saksframlegget, har ordføraren etter det noverande delegeringsreglementet mynde til å krevja at ei sak som skulle vore handsama i kommunestyret, vert lagt fram for personal- og økonomiutvalet (i dag formannskapet) til avgjerd. Det har vore litt uklart for arbeidsgruppa kva saker det er tenkt på her. I arbeidsgruppa sitt framlegg er dette punktet teke vekk.

Rådmannskontoret ser at det i nokre tilfelle kan vera behov for at formannskapet handsamar saker som normalt skulle vore handsama av kommunestyret, utan at det nødvendigvis er høve til å bruka den såkalla «hasteparagrafen» i kommunelova (sjå § 13 i kommunelova og punkt 6.3 i forslaget til nytt delegeringsreglement). Dette vil primært gjelda i saker der kommunen må gjera vedtak/gje uttale innan ein tidsfrist som er før neste møte i kommunestyret. Denne problemstillinga bør eventuelt drøftast når formannskapet og kommunestyret handsamar forslaget til nytt delegeringsreglement.

Delegeringar etter plan- og bygningslova

Det har av kapasitetsmessige årsaker dessverre ikkje lukkast å koma heilt i mål når det gjeld delegeringar etter plan- og bygningslova. Her bør delegeringsreglementet innehelta noko meir detaljert informasjon enn i forslaget som no vert lagt fram, slik at det går klart fram kva mynde som er delegert til høvesvis naturutvalet og rådmannen. For å få dette til, vil det vera nødvendig å gjennomføra eit eige «delprosjekt» etter sommarferien. I løpet av hausten 2018 må det så leggjast fram sak for kommunestyret om delegering av mynde etter plan- og bygningslova.

Tilsetjingsutval

I samband med spørsmålet om kommunen skal ha eitt eller to tilsetjingsutval, kan det nevnast at i regjeringa sitt framlegg til ny kommunelov (som vart sendt til Stortinget våren 2018), vert det foreslått å lovfesta at tilsetjingsmynde for kommunale stillingar skal liggja til rådmannen. Dersom Stortinget vedtek dette, vil det truleg bli nødvendig å sjå på kommunen si ordning med tilsetjingsutval med vedtaksmynne.